



Vaksdal kommune
HR

Til:

Jarle Landås

Kommunedirektør

VA - Vaksdal kommune

Kopi:

Notat

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/677-2	Randi Solveig Pedersen	31.08.2026

Referatsak - Arbeidstøy for tilsette, endring i rutine

Administrasjonen la fram drøftingssak (sak 2026/677-1) i administrasjonsutvalet den 02.06.2026. Det var komme presisering i særavtale SGS 1002 om arbeidstøy og musikkinstrument. Vaksdal kommune måtte derfor endre sine rutiner, slik at desse var i tråd med den gjeldende særavtale.

Presiseringa i særavtale SGS 1002

Det er kome ei presisering i særavtale SGS 1002 Arbeidstøy og musikkinstrument som seiar:

- Arbeidstakar får som hovudregel utlevert arbeidstøy etter behov. Behovet avgjerast av partane lokalt gjennom avtale
- I dei tilfelle det er behov for arbeidstøy, jf. ovanfor, men partane er einige om at det er mest hensiktsmessig at arbeidstakar sjølv skaffar arbeidstøy, skal det gis refusjon for dei faktiske utgiftene

I Vaksdal kommune fekk tilsette i barnhage og SFO årleg godtgjersle til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvlar. Dette var ikkje i henhald til den gjeldande særavtale.

Konklusjon som blei lagt fram i møte 02.06.2026

- Leiar og den enkelte tilsette blir einige om når arbeidstøy er slitt/bør skiftes
- Den tilsette må levere kvittering på kjøpet. Kvitteringa må vise tydeleg kva kjøpet gjelder og pris som er betalt
- Refusjonsbeløpet vil være på det, til ei kvar tidgjeldande beløp, for refusjon i kommunen. Beløpet er pr. 1.8.2025 på kr. 2682,- pr. år for 100% stilling

- For å unngå for mykje administrasjon med dette, vil refusjon bli gitt to gonger i året, i februar og i september

Møte i Administrasjonsutvalet 02.06.2026 beslutta ny drøfting

Administrasjonsutvalet ba om at saka kjem til ny drøfting hausten 2026 knytt til endringar i særavtale SGS 1002.

Nærare beskriving av SGS 1002 Arbeidstøy og musikkinstrumenter.

LO, Unio, YS og Akademikarane (forhandlingssamanslutning) sette fram krav om «fullverdig arbeidsantrekk som er tilpassa arbeidsoppgåver, arbeidskvardagen og alle årstider».

Kravet medførte brudd i forhandlingene om særavtalen, mellom KS og forhandlingssamanslutninga. Dette skjedde før avtalens utløp den 31.12.2024.

Det var nye forhandlinger 27.01.2025. Forhandlingssamanslutningen valte då å bryte forhandlingene. Saka blei sendt til sentral nemnd.

Sentral nemnd bestemte at særavtalen SGS 1002 skulle vidareførast for perioden 01.01.2025 – 30.04.2026.

Det skulle vidare innhenta kunnskapsgrunnlag (FAFO rapport) knytt til bruk av lokale særavtaler. Kunnskapsrapporten skulle ferdigstillast innan februar 2026. Den skulle inngå som ein del av grunnlaget for forhandlingene mellom partene.

FAFO rapporten avdekka:

- Det er store skilnader mellom kommunane i kva som blir dekkja av arbeidstøy
- Ein del kommunar manglar avtale
- I noko utstrekning finnes det tariffstridige avtaler
- Misnøye blant dei tillitsvalte
- Mannsdominerte tenesteområde har meir omfattande ordning enn kvinnedominerte

Resultatet etter FAFO rapporten

Etter kunnskapsgrunnlaget (FAFO rapporten) blei innhenta vart det einigheit om at særavtale SGS 1002 skulle vidareførast uendra. Den blei ikkje del av forhandlingane mellom partane den 30.04.2026. Partane lokalt avtaler behov for arbeidstøy.

Organisasjonanes krav om «fullverdig arbeidsantrekk som er tilpassa arbeidsoppgåver, arbeidskvardagen og alle årstider» blei avvist.

Konsekvensen av prosessen blei at kvar kommune lokalt skal spesifisere/angi det arbeidstøy som det er behov for.

Undersøkinga som blei gjennomført har også avdekka:

- At partane lokalt ikkje alltid har ein klar forståing av ordlyden «arbeidstøy etter behov»
- Det er betydelege skilnader mellom kommunar, men også innad i kommunane mellom mannsdominerte og kvinnedominerte tenesteområde
- Mange tilsette oppgir at dei ikkje får arbeidstøy i tråd med det faktiske behov

- Undersøkelen viser også at det finnes klesgodtgjersle som er i strid med avtalen. Lokale avtaler om klesgodtgjersle er i strid med avtalen og må erstattast med avtale om arbeidstøy
- Nokre av respondentane i undersøkinga etterlyser føringar frå KS. Til dette svarer KS at dei ikkje har moglegheit til dette. KS forhandlar avtaler som forpliktar kommunane, men behovet må partane sjølv avgjere. Kjem ein ikkje til einigheit, er det lokal nemnd som avgjer

Begrepet «arbeidstøy» omfattar uniformer og varme- og verneklær

Arbeidstøy «etter behov» er det tøy som er nødvendig av hensyn til dei ulike arbeidsoppgåver som skal utførast, og under kva forhold arbeidet skal utførast, f.eks. ulike årstider dersom arbeidet utførast ute.

Behovet for yttertøy for tilsette i heimetenesta er det som har vært mest diskutert.

Når partane lokalt avtaler behov for arbeidstøy, skal det spesifiserast ved å angi det tøy det er behov for, for ulike grupper arbeidstakarar.

Behovet for arbeidstøy som er definert for tilsette i Vaksdal kommune

Saka om arbeidstøy for tilsette i Vaksdal kommune vart handsama i Kommunestyret den 29.03.2022 - *Sak 24/2022*

Det blei gjort slikt vedtak:

Kommunestyret tilrår følgjande reglar for arbeidstøy i Vaksdal kommune:

Oppvekst:

- Tilsette i barnehage og SFO får årleg godtgjersle på kr 2400 til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvlar. Beløpet graderast ut frå stillingsstorleik og gjeld for faste tilsette, samt for faste vikariat (vikar for fast stilling).
- Skulane og barnehagane kjøper inn kjortlar/forkler etter behov. Desse kan brukast i kunst og handverk, samt mat og helse

Helse og meistring:

- Arbeidsgjevar har ansvaret for å ha arbeidstøy tilgjengeleg for tilsette på institusjon og i heimetenesta
 - Bukse og overdel til tilsette på sjukeheim/institusjon og heimetenesta
 - Ytterjakke som er vindtett og delvis vannavstøtande for tilsette i heimesjukepleie
 - Vinterjakke til tilsette i heimetenesta
 - Arbeidsgjevar sørger for at kleda blir vaska på vaskeri
 - Ekstra utstyr som gamasjar, broddar, refleks og paraply er tilgjengeleg etter behov
 - Tilsette på institusjon og i heimetenesta får årleg beløp på kr 500,- til kjøp av arbeids sko
- Dette gjeld for fast tilsette og for tilsette i vikariat (vikar for fast stilling). Beløpet er uavhengig av stillingsstorleik

Tilsette i Elvevegen har kjeledress tilgjengeleg

Oppstatsdato vert sett til 01.08.2022.

Ordninga vert evaluert (revidert) seinast innan utgangen av april 2023.

Konklusjon som blei lagt fram på møte i administrasjonsutvalet den 02.06.2026

- Leiar og den enkelte tilsette blir einige om når arbeidstøy er slitt/bør skiftes
- Den tilsette må levere kvittering på kjøpet. Kvitteringa må vise tydeleg kva kjøpet gjelder og pris som er betalt
- Refusjonsbeløpet vil være på det, til ei kvar tid gjeldande beløp, for refusjon i kommunen. Beløpet er pr. 1.8.2025 på kr. 2682,- pr. år for 100% stilling
- For å unngå for mykje administrasjon med dette, vil refusjon bli gitt to gonger i året, i februar og i september

Arbeidstøy etter behov. Behovet avgjerast av partane lokalt gjennom avtale

I saka om arbeidstøy som vart handsama i Kommunestyret den 29.03.2022 - *Sak 24/2022* - beskriv Vaksdal kommune kva arbeidstøy det er behov for.

Dette behovet blei avdekka etter fleire samarbeidsmøte mellom administrasjonen, einingsleiarane for helse og meistring, skule og barnehage. I tillegg deltok HTV for fagforbundet, HTV for Utdanningsforbundet og hovudverneombodet.

I tilfelle der arbeidstakar sjølv skaffar arbeidstøy

I saka om arbeidstøy for tilsette i Vaksdal kommune vart det bestemt at tilsette i barnehage og SFO skulle få årleg godtgjersle på kr 2400 til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvlar. Beløpet graderast ut frå stillingsstorleik og gjeld for faste tilsette, samt for faste vikariat (vikar for fast stilling).

Særavtalen SGS 1002 presiserer at i dei tilfelle det er behov for arbeidstøy, men partane er einige om at det er mest hensiktsmessig at arbeidstakar sjølv skaffar arbeidstøy, skal det gis refusjon for dei faktiske utgiftene.

Konklusjon – Same konklusjon som til møte i administrasjonsutvalet den 02.06.2026

- Leiar og den enkelte tilsette blir einige om når arbeidstøy er slitt/bør skiftes
- Den tilsette må levere kvittering på kjøpet. Kvitteringa må vise tydeleg kva kjøpet gjelder og pris som er betalt
- Refusjonsbeløpet vil være på det, til ei kvar tid gjeldande beløp, for refusjon i kommunen. Beløpet er pr. 1.8.2025 på kr. 2682,- pr. år for 100% stilling
- For å unngå for mykje administrasjon med dette, vil refusjon bli gitt to gonger i året, i februar og i september